

Nei til vindindustri i vår region

Vern naturen – og klimaet

FNs klimapanel og naturpanel er sidestilt. Det er grunnleggjande feil å skulle stanse klimakatastrofen ved å bidra til katastrofe for naturmangfaldet.

FNs naturpanel viste at ein million artar er truga av utrydding dersom politikken ikkje blir lagt om, og at det overlegent viktigaste tiltaket er å stanse og reversere tapet av leveområde for verdas dyr og plantar. Vindkraftanlegg er ikkje parkar, men store industriområde, oppdelt med vegar, og med stor menneskeleg aktivitet under drift. Vindkraftanlegga er tapte leveområde for mange artar, i strid med anbefalingane frå FNs naturpanel. Anlegga fører også til forureining med mikroplast frå slitasje på turbinvingane, og med risiko for utslepp av olje og glykol.

Viktig som friluftsområde og for samisk reindrift

I store delar av landet, også i fjellheimen i Rennebu og Orkland, vil inngrep frå vindkraft i naturen, også ramme sørsamisk reindrift, og er dermed i strid med kva Noreg har forplikta seg internasjonalt når det gjeld samiske rettar. I tillegg er fjellområda viktige friluftsområde, og vi reagerer sterkt på at eit kraftselskap går gardimellom for å skaffe seg avtalar med grunneigarane for utbygging av vindkraft i Ilfjellet, Ramsfjellet og Grefstadjellet.

Det ser ut til at flybasen på Ørlandet og plan om radaranlegg i Agdenes kan setja ein stoppar for vindkraft i Remmafjellet, men også der er det viktig å halda motstanden ved like.

Energisparing er grunnlaget

Noreg må satse på energisparing/ energieffektivisering og bruke frigjort energi til å fase ut fossil energi. Ved å satse på energisparing/ energieffektivisering og ei omlegging av transport, kan vi fase ut fossil energi utan bygging av nye vindkraftverk, slik Naturvernforbundet i 2019 viste at er mogleg. Regjeringa har lova oss 10 TWh spart energi i bygg innan 2030, og det er på tide at det kjem tilstrekkelege tiltak for å oppnå dette. Det må også bli ordningar som kan sikre oppgradering av gamle vasskraftverk. Energisparinga i bygg på 10 TWh, kan aleine gje samfunnsøkonomisk gevinst på 80 – 90 milliardar kroner og 10.000 varige arbeidsplassar. Vindkraft gir nesten ingen arbeidsplassar.

Tal frå Enova og kraftutbyggjarane viser at det er meir enn dobbelt så dyrt å byggje ny vindkraft enn å investere i tiltak for å spare energi. Kvifor får vi ikkje massiv statleg tilrettelegging for energisparing/ energieffektivisering, for eksempel med kvite sertifikat, med premie for tiltak som gir spart energi.

Kraft bør bli produsert nærast mogleg forbrukarane, i staden for å bli transportert med store tap frå Noreg. Når Zurich by byggjer vindkraft i norske fjell «for å skaffe byen fornybar energi», og ikkje satsar på kortreist vindkraft i Sveits, får vi avklart at dette ikkje dreier seg om klima, men om lønsame investeringar. England, Tyskland, Danmark etc, treng ikkje norsk kraft for overgangen til fornybare samfunn. Dei har omfattande planar for å klare dette sjølv.

Noreg har eit spesielt ansvar for å ta vare på nokre av Europas største og mest varierte naturområde, og eit spesielt ansvar for samane som urfolk.

Stans vindindustrien i vår region.